



Vang kommune

Kommunestyret

Møteprotokoll

Møtedato: 15.01.2026
Møtetid: Kl. 18:00 - 19:30
Møtestad: Vang kommunehus

Frammøte

Jørand Ødegård Lunde
Bjørn Olav Søndrol
Elisabeth Myhre
Lars Østbye Hemsing
Steinar Frøyen
Stine Solemsli
Unni Sandsengen
Vidar Eltun
Asgrim Opdal
Elisabeth Hålien
Leif Solemsli
Tom Kjetil Tørstad
Erlend Eggen
Camilla Bjone Hålien
Ingvild Oldre Heggom
Kristin Bakke Lajord

Parti

ANDR
AP
AP
AP
AP
AP
AP
AP
BIV
BIV
BIV
BIV
MDG
SP
SP
SP

Forfall

Jon Helge Solemsli

Parti

BIV

Varamedlem møtte

Odd Vidme

Parti

BIV

Ugilde	Sak	Varamedlem møtte	Merknad
Tom Kjetil Tørstad	002/26	Torstein Dervola-Brekke	Jamfør forvaltningslova §6
Tom Kjetil Tørstad	003/26	Torstein Dervola-Brekke	Jamfør forvaltningslova §6

Sakliste**Sak nr.**

001/26

002/26

003/26

Sakstittel

Godkjenning av møteprotokoll

Føsseberge kraftverk - klagebehandling av vedtak KS-062/25

Føsseberge kraftverk - Oppmodning om lovlegheitskontroll av vedtak KS-062/25

001/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

15.01.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommentar: Til godkjenning av møteprotokoll, vedtak skal innehalde teksten: er godkjend med merknad frå Frøyen.

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 001/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

002/26 Føsseberge kraftverk - klagebehandling av vedtak KS-062/25

Framlegg til vedtak

Med bakgrunn i vurderingane i saksframlegget ovanfor finn ikkje kommunestyret grunn til å ta klaga til fylgje. Kommunestyret opprettheld sitt vedtak i sak KS-062/25 og sender saka over til Statsforvaltaren i Innlandet(klageinstansen) jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Ugilde	Varamedl. møtte	Merknad
Tom Kjetil Tørstad	Torstein Dervola-Brekke	Jamfør forvaltningslova §6

15.01.2026 Kommunestyret

Behandling

Tillegg til vedtak 1 , fremja av Lars Østbye Hemsing, Arbeiderpartiet

Kommunestyret viser til at saka har vore handsama fleire gonger, og at klagesaksbehandlinga så langt berre har tilført eit avgrensa omfang av nye moment. Kommunestyret konstaterer at det er delte syn i saka, og finn det mest tenleg at klaga blir lagt fram for Statsforvaltaren for endeleg vurdering.

Tillegg til vedtak 2, fremja av Lars Østbye Hemsing, Arbeiderpartiet

Av omsyn til alle berørte partar og grunneigarar får vedtaket oppsettande verknad inntil klagesaka er endeleg avgjort jf. forvaltningslova § 42.

Alternativt forslag til vedtak, fremja av Erlend Eggen, Miljøpartiet Dei Grøne

Kommunestyret tek klaga til fylgje. Vedtaket i sak KS-062/25 av 23.10.2025 blir oppheva.

Kommunestyret opprettheld sitt opphavlege vedtak i sak KS-019/25 av 20.03.2025, der søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel blir avslått.

Kommunestyret viser til manglande grunngjeving av vedtak og vurderingar i kunnskapsgrunnlag for naturmangfald, rekreasjon, friluftsliv og næring som påpeika av klagar. Kommunestyret viser vidare til vurderingar og grunngjeving i saksunderlaget til KS-019/25 den 20.03.2025, der konklusjonen er at fordelane ved å gje dispensasjon ikkje er dokumentert å vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova §19-2.

Alternativt forslag til vedtak frå Erlend Eggen (MDG): Falt med 4 stemmer for: Erlend Eggen (MDG); Ingvild Oldre Heggom (SP), Jørand Ødegård Lunde, (ANN), Kristin Bakke Lajord (SP)

Tillegg 1 til vedtak frå Lars Østby Hemsing (AP): Samrøystes vedteke

Tillegg 2 til vedtak frå Lars Østby Hemsing (AP): Vedteke med 6 stemmer mot: Camilla Bjone Hålien (SP), Torstein Brekke-Dervola (BIV), Asgrim Opdal (BIV), Odd Vidme (BIV), Leif Solemsli (BIV), Elisabeth Hålien (BIV)

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

Framlegg til vedtak med begge tillegg vedteke med 4 stemmer mot: Asgrim Opdal (BIV), Leif Solemsli (BIV), Odd Vidme (BIV), Elisabeth Hålien (BIV).

KS - 002/26 Vedtak:

Med bakgrunn i vurderingane i saksframlegget ovanfor finn ikkje kommunestyret grunn til å ta klaga til fylgje. Kommunestyret opprettheld sitt vedtak i sak KS-062/25 og sender saka over til

Statsforvaltaren i Innlandet(klageinstansen) jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Kommunestyret viser til at saka har vore handsama fleire gonger, og at klagesaksbehandlinga så langt berre har tilført eit avgrensa omfang av nye moment. Kommunestyret konstaterer at det er delte syn i saka, og finn det mest tenleg at klaga blir lagt fram for Statsforvaltaren for endeleg vurdering.

Av omsyn til alle berørte partar og grunneigarar får vedtaket oppsettande verknad inntil klagesaka er endeleg avgjort jf. forvaltningslova § 42.

003/26 Føsseberge kraftverk - Oppmodning om lovlegheitskontroll av vedtak KS-062/25

Framlegg til vedtak

Kommunestyret vurderer det til at vedtaket i sak KS-062/25 samla sett er i samsvar med lovverket.

Kommunestyret opprettheld vedtaket i saka og sender det over til Statsforvaltaren i Innlandet jf. kommunelova § 27-1 andre ledd.

Ugilde	Varamedl. møtte	Merknad
Tom Kjetil Tørstad	Torstein Dervola-Brekke	Jamfør forvaltningslova §6

15.01.2026 Kommunestyret

Behandling

Tilllegg til vedtak, fremja av Erlend Eggen, Miljøpartiet Dei Grøne

Brev fra Advokat Tommesen videreformidlet til kommunestyret 14.01.2026 legges ved ved oversending til statsforvalter.

Tillegg til vedtak frå Erlend Eggen (MDG): Samrøystes vedteke

Framlegg til vedtak med tillegg: Samrøystes vedteke

KS - 003/26 Vedtak:

Kommunestyret vurderer det til at vedtaket i sak KS-062/25 samla sett er i samsvar med lovverket.

Kommunestyret opprettheld vedtaket i saka og sender det over til Statsforvaltaren i Innlandet jf. kommunelova § 27-1 andre ledd.

Brev fra Advokat Tommesen videreformidlet til kommunestyret 14.01.2026 legges ved ved oversending til statsforvalter.